

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:  
Tal prenta vedlegg: 1  
Tal uprenta vedlegg: \*

## Vestlandsprogrammet

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. ”Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar” blir avslutta som program i regi av Vestlandsrådet.
2. Vestlandsrådet vil be fylkeskommunane om å drøfte ei eventuell vidareføring av programmet i form av eit samarbeidstiltak mellom dei fylkeskommunane som ønskjer det

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**  
Prenta vedlegg: Rapport Oxford research, samandrag

Uprenta vedlegg:

## Saksframstilling

### **Bakgrunn for saka**

”Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar” (“Vestlandsprogrammet”) handlar om å vidareutvikle næringsvegar basert på nye marine oppdrettsartar. I sak 15/09 vedtok Vestlandsrådet at “Vestlandsprogrammet” i tråd med den nye samarbeidsavtalen framleis skulle vere ein del av Vestlandsrådet sitt ansvar. I vedtaket vart det òg vist til ei føreståande evaluering av programmet som skulle gjerast i løpet av 2010.

Det er to nye sider ved “Vestlandsprogrammet” som i følgje drøftingar i AU mars 2011 gjer det naudsynt å legge fram ei eiga sak for Vestlandsrådet om dette programmet.

For det første er det som skissert i vedtaket frå 2009 gjennomført ei evaluering av “Vestlandsprogrammet”. For det andre har Møre og Romsdal vedteke å trekke si finansiering av programmet. Etersom “Vestlandsprogrammet” byggjer på ein modell der kvar fylkeskommune går inn med kr 1 million kvar årleg, vil det ha konsekvensar for korleis ein handterer dette tiltaket vidare.

Fylkesrådmannen vil rå til at “Vestlandsprogrammet” i si noverande form vert avslutta, men at programmet som samarbeidstiltak og fagleg samarbeidsarena vert drøfta av fylkeskommunane med tanke på eventuell vidareføring i eigen regi. Ein slik samarbeidsarena bør likevel ta utgangspunkt i ein breiare tilnærming og omtala som marine satsingar. Eventuelt operativt samarbeid vil òg måtte eventuelt gjerast som eit samarbeid mellom to eller fleire fylkeskommunar.

### **Om “Vestlandsprogrammet”**

”Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar” handlar om å vidareutvikle næringsvegar basert på nye marine oppdrettsartar. Ei av hovudårsakene til at Vestlandsprogrammet vart oppretta i januar 2007, var erkjenninga av at dei offentleg finansieringsordningane som fanst, ikkje var tilstrekkelege/tilpassa dei økonomiske utfordringane nye-artar næringane står overfor på vegen mot kommersialisering. Arbeidet med å få etablert betre verktøy for finansiering har difor hatt høgste prioritet i Vestlandsprogrammet sidan næringa har identifisert at eigenkapitalfinansiering og risikoavlastning for å kunne bygge opp biomasse, er den største flaskehalsen for oppskalering og kommersialisering.

Programmet er organisert med *ei programgruppe* der marine medarbeidarar frå dei fire deltakarfylka samt representant frå Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd (NFR) og Fiskeri og Havbruksnæringens Landsforening (FHL) har ansvaret for gjennomføring av Vestlandsprogrammet. Vestlandsprogrammet si *styringsgruppe* er næringsgruppa i Vestlandsrådet, som er forsterka med ein representant frå Innovasjon Norge. Denne organiseringa av programmet har, med mindre justeringar, vore fast sidan oppstarten i 2007. Frå 2009 vart ad-hocgruppa for maritim verdiskaping etablert som finansiell referansegruppe til programmet.

### **Utfordringar**

Det er gjennomført ei midtveis evaluering av “Vestlandsprogrammet” av Oxford Research. I evalueringa går ein både gjennom forventat resultat ved programmet i høve målsetting, men òg ei intern vurdering av programmet sin organisatoriske design og funksjonalitet.

Oxford Research peiker på mange positive sider ved “Vestlandsprogrammet”. M.a. tilbyr programmet ei finansiering av FoU prosjekt innanfor denne bransjen som elles ikkje ville bli gitt. Ein vil òg i større grad gjennom programmet kunne nytte såkalla RUP midlar (Regional

utviklingsprogram) frå alle dei fire fylkeskommunane samla og på det viset i større grad legge til grunn ein meir heilskapleg profil og programsatsing. Programmet tilbyr òg ein viktig samarbeidsarena for fagpersonar der ein får koordinere innsats og utveksle kunnskap. Samstundes er programmet med på å betre synleggjere bransjen.

På den andre sida peiker Oxford Research på at oppdrettsnæringa knytt til nye marine artar økonomisk sett har hatt ei negativ utvikling sidan starten av programmet i 2007. Sjølv om det er naudsynt å vise tålmod med omsyn til venta resultat av programmet, må ein likevel forvente kva tidshorisont ein kan vente seg synlege resultat. Bransjen har òg endra seg, og programmet bør i framtida vere meir fleksible med omsyn målsetting, strategi og innsatsområde.

Oxford Research gjer framlegg om tre ulike vegar vidare. Det ein er at “Vestlandsprogrammet” i større grad tek rolla som tilretteleggar mellom aktørar i bransjen. T.d. kan programgruppa i større grad òg kan initiere forprosjekt sjølv som i neste omgang vert finansiert ut frå ulike finansieringsordningar. Ein annan modell er at kvar fylkeskommune sjølv løyver midlar til sine egne prosjekt samstundes som ein opprettheld “Vestlandsprogrammet” som ein fagleg samarbeidsarena. Ein tredje modell er å samordne programmet med den øvrige havbrukssatsinga i verkemiddelapparatet. I dag gjer fleire verkemiddelaktørar som tilbyr delvis overlappende ordningar strukturen uoversiktleg.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen vurderer det slik at “Vestlandsprogrammet” ikkje lenger kan vere ein del av Vestlandsrådet all den tid ein av partnarane – Møre og Romsdal fylkeskommune – ikkje lenger deltek i finansieringa av programmet. Eit resonnement om avslutting av programmet i regi av Vestlandsrådet byggjer på konsensusprinsippet som fylkesrådmannen tolkar ligg til grunn for arbeid i rådet.

Fylkesrådmannen ser to alternative modeller for vidareføring av arbeidet.

Det eine er at “Vestlandsprogrammet” vert avslutta i regi av Vestlandsrådet og vert vidareført som eit samarbeidstiltak og ein fagleg arena mellom dei fylkeskommunane som ønskjer å delta. Alternativt kan ein tenkje seg at den faglege og politiske delen av “Vestlandsprogrammet” vert vidareført i regi av Vestlandsrådet medan dei meir konkrete samarbeidstiltaka, og som krev finansiering, vert gjennomført i regi av fylkeskommunane. Det vil altså seie ei to-delning mellom Vestlandsrådet og fylkeskommunane. Begge modellane byggjer på alternativ to til Oxford Research der kvar fylkeskommune sjølv løyver midlar til sine egne prosjekt samstundes som ein opprettheld “Vestlandsprogrammet” som ein samarbeidsarena. Oxford Research viser òg at det behov for ein slik fagleg samarbeidsarena.

Fylkesrådmannen ser den første modellen som mest aktuelt. Den er enklare å administrere, og ein vil kunne oppretthalde samarbeidsarenaen samstundes som ein vil kunne arbeide politisk overfor utfordringar som er felles for alle fylkeskommunane som vil delta.

Det er likevel element i den tredje modellen som Oxford Research peiker på retta mot auka samordning innan havbrukssatsinga meir generelt som fylkesrådmannen meiner det grunn til å ta omsyn til. Ved å etablere ein breiare samarbeidsarena for maritime næringar på Vestlandet, vil havbruk og nye oppdrettsartar vere to av fleire område (fiskeri, havbruk (inkludert nye artar), fiskeindustri, sjømat, biomarin industri, marin bioteknologi, reiseliv/marin mm). Samarbeidsarenaen kan omtalast som “Vestlandsprogrammet – marine satsingar”.

Fylkesrådmannen meiner programmet samla sett har vore god og tolkar evalueringa i hovudsak på same måte. Likevel er det viktig på merke merknadane frå Oxford Research om at evna til å tilpasse seg endra føresetnader innanfor denne næringa er vanskeleg, men likevel heilt avgjerande. I motsett fall får ein svar på gårdsdagens spørsmål. Derfor er det viktig at fylkeskommunane no får høve til å drøfte ei eventuell vidareføring i regi av fylkeskommunane sjølve.

### **Framlegg til vedtak**

Fylkesrådmannen vil rå til at “Vestlandsprogrammet” i si noverande form vert avslutta, men at fylkeskommunane blir bedne om å drøfte om dei ønskjer å vidareføre programmet i eigen regi.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)